

	Innspel, oppsummert	Kommentar
<b>OFFENTLEGE</b>		
O1	<p>Kystverket</p> <p>-Utvidingsmoglegheiter for hamner – areal, infrastruktur, tilførselsveggar, mm. -ROS/Konsekvensanalyse – Etablering av tiltak i eller nær sjø som kan frå følgjer for tryggleik og framkome i farvatnet skal vere med i utgreiingsarbeidet. -Klimatilpassing – viktig at kommunen gjer gode vurderingar knytt til klimaendringar og arealdisponering, irekna konsekvensar for maritim infrastruktur.</p> <p>Kystverket syner elles til fråsegn til det pågåande interkommunale planarbeidet mellom Stranda, Fjord og Sykkylven om ein felles kommunedelplan for Storfjorden.</p>	<p>-Aralbruk i sjø vert handsama i felles fjordplan med Stranda og Fjord kommune. I dette planarbeidet er det ikkje kome innspel med vesentleg verknad for landsida. Utover havneområdet i Hundeidvik omfattar planområdet kun mindre private kaier.</p> <p>Omsyn til tryggleik og framkomst i farvatn er del av konsekvensanalyse. Ingen foreslåtte areal i plan er vurdert å ha vere i konflikt.</p> <p>-Klimakonsekvens av plan vert gjort som eiga utgreiing. Kommunen har fått klimasatsmidlar til dette og nyttar eksternt fagmiljø til vurderingane. Klimakonsekvens er del av vurderingsgrunnlaget for endra arealbrk.</p>
O2	<p>Fiskeri-direktoratet</p> <p>-Føreset at ein i planarbeidet ser samanhengen mellom bruk av landareal og sjøareal, og at kommunen tar omsyn til fiskeri- og akvakulturnæringane sine ulike interesser og behov på land og i sjø- og strandsona. -Viktig å ivareta samheng mellom sjø og land. Ved utbygging i strandsona eller tiltak med utslepp til sjø må ein unngå konflikt med fiskeri- og havbruksinteresser og marint biologisk mangfald. -Anbefaler at alle planlagte inngrep eller aktivitetar som kan påvirke livet i sjøen, vert søkt lokalisert der kor dei gjer minst skade på miljøet. -Planarbeidet må sjåast i samheng med felles sjøarealplan for Stranda, Fjord og Sykkylven. -Eigna areal til landbasert oppdrett kan avsettast der det er moglegheit og interesse for etablering.</p>	<p>-Planprosessane for land og sjøareal går parallelt. Samordning vert gjort. Foreslåtte akvakulturtiltak i sjøplan er ikkje meldt å ha behov på landareal utover kva som ligg i eksisterande plan.</p> <p>På landsida er det få og små tiltak som er foreslått (to mindre rorbu-områder og eitt mindre fritids-/reiselivsprosjekt).</p> <p>En vurderer det slik at samordninga mellom planane er god, og at det ikkje er tiltak med vesentleg verknad for tilstøytande plan.</p>
O3	<p>NVE</p> <p>-Potensiell naturfare må også vurderast for eksisterande byggeområde. -Aktsemdsområde for naturfare må innarbeidast i plankartet som omsynssoner, med tilhøyrande føresegner.</p>	<p>-Fare-/aktsemdsområde er innarbeida i plan for alle planformål (eksisterande og nye).</p> <p>-I konsekvensutgreiinga er det gjort greie for kunnskapsgrunnlag. Ein forhold seg til kartlagte fare- og aktsemdsområder jfr data frå NVE og kartleggingar gjort spesielt i</p>

		Innspel, oppsummert	Kommentar
		<ul style="list-style-type: none"> <li>-Informasjon om kunnskapsgrunnlag og kartleggingsmetodar.</li> <li>-Konkrete innspel til byggegrense mot vassdrag, kartframstilling av ulike tilhøve under NVE sitt ansvar (risiko, energianleggløysingar) mm.</li> <li>-Oppmodar til å nytte arealdelen aktivt for å oppnå ei samla arealdisponering som tek omsyn til klimaendringar.</li> <li>-Viser til strategiar for å handtere nedbør og overvatn.</li> <li>-Oppmodar om å legge opp til arealbruk som ikkje medfører inngrep i vassdrag.</li> </ul>	<p>Sykkylven (Skredfare 2015 og Kvikkleire 2018).</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Byggegrense til vassdreg er nedfelt i føresegner pkt 2.1.6</li> <li>-Kommunen har kartlagt kritiske punkt i bekkar med tanke på auka nedbørfare og overvatn. Kommunen har også skaffa analyseverktøy til bruk for vurdering av overflatevatn i plan- og byggesaker.</li> <li>-Planforslaget inneheld ikkje forslag til arealbruk som medfører inngrep i vassdrag.</li> </ul>
O4	Mattilsynet	<p>Fokus på vern av drikkevasskjelder og trygt drikkevatt, avløp, smittespreiing og spreiiing av planteskadegjerarar. Ei rekkje konkrete forventingar til kartlegging, planutforming og utforming av føresegner.</p> <p>Mellom anna:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Oversikt over drikkevasskjelder</li> <li>-Kartlegging og vurdering av vatn og avløp.</li> <li>-Arealformål busetting og anlegg må vurdere om det er mogleg å knyte til eksisterande vatn og avløp.</li> <li>-Arealføremål samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur.</li> </ul> <p>KpA må stille krav om at heilskapleg kartlegging og vurdering av vatn og avløp skal utarbeidast i kvar enkelt reguleringsplan.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Arealformål LNF. Spreidd bebyggelse må ha krav om tilkobling til drikkevassforsyning som leverer hygienisk trygt drikkevatt i tilstrekkelege mengder.</li> <li>-Arealføremål sjø- førseegner for oppdrett, havbruk og vern av kystlinja.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>-Nedslagsfelt for offentlege og private vassverk er kartlagt og avsett som omsynssoner med eigne føregner i plan. Private enkeltbrønner er ikkje funne mogleg å kartlegge og fange opp på dette plannivået.</li> <li>-I konsekvensanalyse er tilgang til eksisterande vassforsyning og avøpsanlegg del av vurderingane under teknisk infrastruktur.</li> <li>-Føresegnene stiller krav om VA-plan i samband med detaljregulering (2.1.1)</li> <li>-Enkeltbygg i spreidd område må gjere greie for drikkevass- og avløpsløysingar jfr krav til område for spreidd busetting i førseegner (5 pkt 13).</li> <li>-Arealbruk i sjø er ikkje del av planen.</li> </ul> <p>Ulike sider knytt til vassforsyning og avløp i plan- og byggesaker vert elles handtert etter kommunal VA-norm, teknisk forskrift, Hovudplan avløp og Hovudplan vassforsyning,.</p>

		Innspel, oppsummert	Kommentar
O5	Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	<p data-bbox="389 213 1106 277">-Generelt råd om fortetting og transformering i staden for å ta hol på nye byggeområder.</p> <p data-bbox="389 357 568 389"><b>Natur og miljø</b></p> <p data-bbox="389 395 1039 459">-Arealrekneskap bør også omfatte rekneskap for viktig naturmangfald.</p> <p data-bbox="389 466 1048 497">-Kartlegge areal med skada natur som kan restaurerast.</p> <p data-bbox="389 788 555 820"><b>Hyttebygging</b></p> <p data-bbox="389 826 1003 858">-Truleg ikkje behov for meir areal til fritidsbustadar.</p> <p data-bbox="389 1005 510 1037"><b>Friluftsliv</b></p> <p data-bbox="389 1043 537 1075">-Kartlegging</p> <p data-bbox="389 1082 1084 1145">-Sikre viktige friluftsområder gjennom plan – samspel med tilrettelegging og reiseliv.</p>	<p data-bbox="1146 213 2136 316">-Planen omfattar i stor grad landbruksområde med stor grad av spreidd utbygging. Det er etblerte byggefelt i Hundeidvik, Tuskogen og i Velledalen. Nærleik til eksisterande busetnad vert vurdert som fordelaktig for nye tiltak.</p> <p data-bbox="1146 357 1326 389"><b>Natur og miljø</b></p> <p data-bbox="1146 395 2136 603">-Kommunen nyttar erfaringar frå deltaking .... Til å sette opp arealrekneskap. Pr dato omfattar opplegget arealkategoriar etter AR5. Naturmangfald er ikkje del av dette. Erfaringane frå den nasjonale piloten tilseier etter vår oppfatning, at dette bør gjerast etter standard mal. Sykkylven har ikkje gått inn i denne problemstillinga enno, men er av den oppfatning at det bør vere ein standardisert del av planprosessar.</p> <p data-bbox="1146 609 2114 711">I planforslaget er forslag til nye byggeområder vurdert etter gamal metode, altså areal for areal. Det er ingen areal der det er registrert konflikt med viktige naturmangfaldsverdiar.</p> <p data-bbox="1146 718 2069 782">-Skada natur som kan restaurerast er ikkje kartlagt. Dette grunna kapaistet og ressursitasjon, opp mot relativt små arealendringar i planprosessen.</p> <p data-bbox="1146 788 1308 820"><b>Hyttebygging</b></p> <p data-bbox="1146 826 2136 960">Det er kun lagt ut mindre areal til fritidsformål i plan. To rorbu-områder, eit par mindre areal for utleigehytter knytt til landbruk+, samt eit område for LNF-spreidd fritidsbusetnad der det er landbruksmessige . Sistnemnde for å løyse driftsmessige utfordringar for bruk i drift som manglar stølsbygg.</p> <p data-bbox="1146 1005 1263 1037"><b>Friluftsliv</b></p> <p data-bbox="1146 1043 2002 1075">Grunna vakansar er kartlegging av friluftslivets ferdselsårer ikkje fullført.</p> <p data-bbox="1146 1082 2114 1248">Kunnskapsgrunnlaget nytta i konskevansvurderingane er derfor lokalkunnskap og eksisterande kartfesta turruter (kart, morotur, stikkut, mm). Planen føl opp kommunal strategi om sikring av parkeringsareal ved sentrale utfartspunkt. Kommunen har seinare år arbeida målretta med sikring, opparbeiding og skilting av parkeringsareal ved sentrale utfartsområder.</p> <p data-bbox="1146 1292 2114 1394">Kyststien i Sykkylven som er under etablering som ei samanhengande merka rås langs kysten gjennom heile kommunen, er illustrert i plankart. Linja er ikkje detaljert, men er lagt inn for å sikre omsyn i detaljplanlegging.</p> <p data-bbox="1146 1436 1285 1468"><b>Strandsone</b></p>

	Innspel, oppsummert	Kommentar
	<p><b>Strandsone</b> -Byggeformål innanfor 100-metersbeltet krev fastsett byggegrense i plan.</p> <p><b>Vassdrag</b> -Rår til å fastsette byggegrense i 100-metersbeltet langs vassdrag. -Styre bygge- og anleggstiltak langs vassdrag. -Sikre kantvegetasjon</p> <p><b>Landbruk</b> -Positivt med arealrekneskap -Landbruksfaglege vurderingar må gjerast i samband med arealendringar. -Oppmodar til å vedta nullvisjon for nedbygging av dyrka mark.</p> <p><b>Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging – klima</b> -Viktig å planlegge for eit avgrensa transportomfang -Legge til rette for kompakt utbygging, satse på knutepunkt og utbygging langs kollektivaksar. -Først og fremst ta vare på mest mogleg ubebygd areal. -Bruke rekkefølgekrav for tilrettelegging for gang – sykkel, kollektivbruk, mm. -Rår kommunen til å identifisere areal som kan restaurerast og som kan gi klimaeffekt – t.d. restaurering av grøfta myrareal.</p> <p><b>Samfunnstryggleik og klimatilpassing</b> -Risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) på overordna nivå som grunnlag for planlegginga -Føresegner må ha krav til ROS-analyse i detaljplanlegging. -Vurdering av reell fare kan ikkje skyvast til byggesak.</p>	<p>Det er fastsett eiga byggegrense for areal i strandsone, min 20 m om ikkje anna er fastsett i reguleringsplan. Naust rorbuer kan plasserast nærare spå fram tryggleikssyn er pkt 2.1.6</p> <p><b>Vassdrag</b> Generell byggegrense er lagt inn i føresegner pkt 2.1.6, mellom anna av omsyn til auka risiko, men også for å sikre naturverdiar, kantvegetasjon, mm. .</p> <p><b>Landbruk</b> Landbruksfaglege vurderingar er gjort for alle nye byggeformål. Kommunen har nyleg vedteke overordna arealstrategi, og er også i ferd med å vedta jordvernstragi i samband med ny landbruksplan. Kommunen har ikkje vedtatt null-visjon, men jordvernomsyn er styrka i plansamanheng.</p> <p><b>Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging – klima</b> Planområdet omfattar ein midre del av busettinga i kommunen. Det er heller ikkje lagt opp til vesentleg auke i andelen. Men det er viktig for kommunen å ha moglegheit for busetting i heile kommunen. Omfang og korte avstandar tilseier akseptabel transport. Alle tiltak vert vurdert for tilgang til gang/sykkelveg mm.</p> <p>Det har ikkje vore kapasitet til kartlegging av restaureringsareal. I samband med planarbeidet er det gjort eiga vurdering av klimakonsekvens av forslåtte tiltak.</p> <p><b>Samfunnstryggleik og klimatilpassing</b> ROS-analyse oppdatert 2022 er brukt som grunnlag. Krav om ROS-analyse i detaljplanlegging i føresgner, pkt 2.1.2.</p>

		Innspel, oppsummert	Kommentar
		<p><b>Støy</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Bør skaffe oversikt over støyande verksemder og inhente gjennomførte støysonkart.</li> <li>-Unngå utbygging med støyfølsomt bruksformål i gul og raud støysone.</li> <li>-Føresegner må sikre at støy skal avklarast ved detalj planlegging.</li> </ul> <p><b>Barn- og unge</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Bør sikre kvartalsleikeplassar i plankartet.</li> <li>-Må avklare når kravet om leikeplassar skal gjelde.</li> <li>-Viser til statsforvaltaren sin rettleiar for leikeplassar.</li> </ul>	<p><b>Støy</b></p> <p>Støyande verksemder er ikkje kartlagt. Det er realtivt få industribedrifter innanfor planområdet. Støyande verksemd vil vere knytt til næringsaktivitet og tidvis landbruksdrift.</p> <p>Byggeareal er søkt unngått støutsette område. Der det er konflikt stiller føresegnene krav om støyavklaring ved detaljplanlegging.</p> <p><b>Barn- og unge</b></p> <p>Krav til leikplassar vert samordna med kommunedelplan sentrum/Ikornnes (2019) og gjeldande norm.</p> <p>Ved spreidd utbygging må tilgang til gode naturområde kompensere for leikeplasskrava.</p> <p>Ved regulering av bustadområde skal leikeområde utgreiast av planleggar.</p>
O6	Møre og Romsdal fylkeskommune	<p><b>Tettstadutvikling</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Fokus på arealeffektivitet.</li> <li>-Behov for bustad- og næringsareal utanfor sentrumsområda må vurderast nøye, jfr vedtekne kommunedelplanar for tettstadområda.</li> </ul> <p><b>Samferdsel</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Transportreduksjon gjennom fortetting.</li> <li>-Skulestruktur som premissleverandør for transport, bør omtalast og vurderast i planomtale.</li> <li>-Varsam med å legge ut nye område for spreidd busetting der god infrastruktur (mjuke trafikantar, skuleskyss, mm) manglar.</li> <li>-Rekkefølgekrav må brukast for å sikre trafikktrygge utbygging.</li> </ul> <p><b>Kollektivtransport</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>-Dersom FRAM skal utvide og vidareutvikle kollektivtilbodet, må infrastrukturen rundt kollektivnettet utviklast.</li> </ul>	<p><b>Tettstadutvikling</b></p> <p>Kommunen søker ei arealeffektivutbygging gjennom at hovudtyngda av ny busetting er planlagt innanfor tettstadområda i kommunen. Det er samtidig både ønskeleg og viktig for kommunen å legge til rette for busetting i heile kommunen. Planen nyttar vurderingar gjort i samband med kommunedelplan sentrum/Ikornnes (2019). Der vurderte ein framtidig busetting om lag 80% tettstad og 20% spreidd.</p> <p><b>Samferdsel</b></p> <p>Foreslått arealbruk legg ikkje opp til vesentleg auka transportbehov, jfr. ønske om å oppretthalde busetting i heile kommunen.</p> <p>Det er få og små nye byggeområder i plan. Totalt sett er byggeareal redusert, då bustadareal er til dels redusert og/eller endra til område for spreidd utbygging med fære bueeiningar.</p>

	Innspel, oppsummert	Kommentar
	<p><b>Støy</b> -Arealdelen må sikre at all planlegging skjer i samsvar med fastsette grenseverdier for støy og luftkvalitet.</p> <p><b>Køyretilkomstar</b> -Ingen automatikk i at nye bygge områder får etablere nye avkøyrslar til fylkesveg. -Auka trafikk på eksisterande avkøyrslar kan gi krav om oppgradering til gjeldande vegnormal. -Bør innarbeide Rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser langs fylkesveg (Fylkesting sak T-51720)</p> <p><b>Byggegrenser mot veg</b> -Rår til å innarbeide i føresegnene at byggegrenser til fylkesveg går fram av fylkeskommunen sin rammeplan for vkyrslar og differensierte byggegrenser.</p> <p><b>Automatisk freda kulturminne</b> -Oppdatere plankart for registrerte kulturminne. -Bruke omsynssoner og føresegner for å sikre automatisk freda kulturminne. -Innspel til føresegner -Ber om at kulturminne i regional delplan for kulturminne blir innarbeida i plan. -Listar opp konkrete kulturminne som manglar i dagens plan.</p> <p><b>Marine kulturminne</b> -Minner om varslingsplikt ved tiltak i sjø.</p> <p><b>Kulturminne frå nyare tid</b> -Rår til å sikre nyare kulturminne med omsynssoner og føresegner. -Peikar på sentrale mål om minimering av tap av kulturminne. -Gjenbruk av bygningsmasse som klimatiltak.</p>	<p><b>Støy</b> Støysoner og krav om utgring/avbøtande tiltak er lagt inn i plan.</p> <p><b>Køyretilkomstar</b> Trafikksitasjon, avkøyrsløve mm skal vurderast i samband me ddetaljplanlegging. Føresegner pkt 2.1.3 viser mellom anna til Rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrenser langs fylkesveg.</p> <p><b>Byggegrenser mot veg</b> Rammeplan er innarbeida i føresegnene pkt 2.1.3.</p> <p><b>Automatisk freda kulturminne</b> Tilgjengelege registreringa vert lagt inn i plankart som omsynssoner med eigne føresegner. Planen søkjer såleis å fange opp alle registreringar i kommunen.</p> <p><b>Marine kulturminne</b> Planen omfattar ikkje tiltak i sjø.</p> <p><b>Kulturminne frå nyare tid</b> Tilgjengelege registreringa vert lagt inn i plankart som omsynssoner med eigne føresegner.</p>

		Innspel, oppsummert	Kommentar
		<p><b>Barn og unge</b> -Oppmodar om å fastsette generelle krav til opparbeiding av leikeplassar i føresegnene. -Rår til tett samarbeid med ungdomsråd og barnerepresentant.</p> <p><b>Vassforvaltning</b> -Viktig med omsyn til vassmiljø og at det ikkje vert utarbeidd planar som kjem i konflikt med miljømål fastsett i regional vassforvaltningsplan. -Større fokus på landbruk og avløp. -oppfølging av arealbruk, avløp, landbruk og beskyttelse av drikkevatt.</p> <p><b>Jordvern</b> -Viser til Fylkesstrategi for jordvern som er ute til høyring og målsetting om redusert omdisponering av dyrkajord.</p> <p><b>Universell utforming</b> -UU-prinsipp bør leggest til grunn for planarbeid tidlegast mogleg i prosessane. -Kommunen kan gi føresegnar om funksjonskrav. -Kommunen kan og vurdere om det skal stillast krav om meir enn minimumsløysingar i teknisk forskrift.</p>	<p><b>Barn og unge</b> Krav nedfelt i føresegnene pkt 2.1.7, jfr kommunedelplan sentrum/Ikornnes (2019). Dialog med med ungdomsråd, barnetrakk-kartlegging, plansamarbeid med vidaregåande skule (årlege prosjekt). Elevkartlegging av friluftsområde og bruk av uteareal er nytta i dette planarbeidet.</p> <p><b>Vassforvaltning</b> Drikkevasskjelder er sikra i plan. Avløp er underlagt søknadsplikt om utsleppsløyve. Planen legg ikkje opp til ny arealbruk i vesentleg grad. Landbruksforureining er meir eit driftsspørsmål som vert handsama gjennom gjødselplanarbeid, kontroll og oppfølging av næringa.</p> <p><b>Jordvern</b> Visert il vedtatt arealstrategi i samfunnsplan (2023) og jordvernstrategi knytt til ny landbruksplan som nå er ute til høyring. Generelt er det nedfelt eit auka fokus på jordvern. Jordvern vert tillagt stor vekt i konsekvensvurdering av forslag til endra arealbruk.</p> <p><b>Universell utforming</b> Kommunen oppgraderer føresegnene til samsvar med kommunedelplan sentrum/Ikornnes (2019). Kommunen har gjennomført kartlegging av universell utforming i sentrumsområda. Fokus framover er å opparbeide rutinar for oppfølging av kartlegingar. Ei vidare oppfølging av skjerpa krav i føresenene bør vurderst som ei samla gjennomgang av UU-situasjonen i kommunen.</p>
07	Statens vegvesen	<p>-Berekraftig arealutvikling, transportmønster, kollektivknutepunkt, mm.</p> <p><b>Konsekvensutgreiing</b> -Må sjå heile kommunen i samanheng, sjølv om denne planprosessen ikkje omfattar Straumgjerde og sentrum/Ikornnes.</p>	<p><b>Konsekvensutgreiing</b> Oppdelt planområde, slik det er i Sykkylven, er ein ulempe for heilskapleg tenking. Gjennom samorning av føresgner og arealbruk søker kommunen nå legge betre til rette for ei heilskapleg vurdering. I denne rulleringa har ein søkt å sjå heile</p>



	Innspel, oppsummert	Kommentar
	<p>-Utbyggingsområde må vurderast for konsekvensar for vegnett, trafikktryggleik, mm. -Fokus på samarodna bustad-, areal- og transportplanlegging.</p> <p><b>Arealrekneskap</b> -Ber om at kommunen også vurderer om eksisterande planar/utbyggingsområde bør takast ut.</p> <p><b>Tilknytting til offentleg veg i uregulerte områder</b> -Nye byggeområde bør nytte eksisterande avkøyrslar . -Kommunen kan legge føringar frå fylkeskommunal rammeplan for avkøyrslar inn i føresegner til plan for å gi juridisk verknad.</p> <p><b>Universell utforming</b> - Ønsker mest mogleg konkrete føresegner om universell utforming. Anbefalar å bruke håndbok V129 Universell utforming av vegar og gater</p> <p><b>Mjuka trafikantar</b> -Anbefalar å gi føringar for reguleringsplanar som sikrar tilrettelegging for gåande og syklende. -Anbefalar å sikre ferdselsvegar og snarvegar som kjem fram gjennom mobilitetsanalysar.</p> <p><b>Folkehelse og trafikksikkerhet</b> -Saknar tilknytting til ulukkesforebygging som del av tema folkehelse. -Kommunen bør nytte ulukkesstatistikk for å vurdere tiltak i plan.</p>	<p>kommunen under eitt. Ein tek omsyn til at storparten av bygeaktivitet og busetnad ligg utanfor planområdet, men at det er av stor viktighet å oppretthalde busetting i heile kommune. Ein søker å gjere same vurderingar for bustadareal i denne planen som innanfor tettstadane.</p> <p><b>Arealrekneskap</b> I seinare planprosessar har kommunen arbeida aktivt med gjennomgang av eksisterande areal med tanke på planvask. Grunneigarar blir kontakta om framtidsplanar, og ueigan/ubrukt areal har blitt tatt ut. I kommunedelplan sentrum/Ikornnes vart 267 da byggeareal ført tilbake til LNF. I denne prosessen er 332 da ført tilbake til LNF, herav 188 da fulldyrka jord..</p> <p><b>Tilknytting til offentleg veg i uregulerte områder</b> Tilnyttning til eksisterande infrastruktur er eitt av fleire kriterium ved konsekvensvurdering.</p> <p><b>Universell utforming</b> Eige pkt 2.1.3 om UU i føresegneren. Generelt krav om at nasjonale normer og anbefalingar skal nyttast.</p> <p><b>Mjuka trafikantar</b> Eige punkt tatt i føresegner pkt 2.1.3.</p> <p><b>Folkehelse og trafikksikkerhet</b> Ulukkesstatistikk bør nyttast meir enn</p>


	Innspel, oppsummert	Kommentar
	<p><b>Medverknad</b> -Anbefaler at barn, ungdom, kollektivreisande m fl aktivt kan medverke i planprosessen.</p>	<p><b>Medverknad</b> Det vert truleg aldri nok medverknadsaktivitet i ein planprosess. Denne prosessen kunne absolutt ha vore meir omfattande. På ei anna side er både råd og utval, og elevar i vidaregåande trekt inn. Næringsapparatet er trekt inn og det er nytta ulik fagkompetanse i eigen organsiasjon. Kunngjering gjennom sosiale media er svært nyttig og har resultert i gode innspel frå engasjerte innbyggjarar.</p>



	Innspel, oppsummert	Kommentar
--	---------------------	-----------

PRIVATE			
		Innspel - utdrag. Sjå konsekvensutgreiinga for meir oversiktskart og tematisk vurdering.	Oppsummert vurdering/konklusjon frå konsekvensutgreiing.
P1	Ose AS for heimels- havarar	<p>Vil gjere om naustområde i Hundeidvik, nord for Fischtec til rorbu mm. Ønska nytt formål på land er rorbu, med moglegheit for berre naust, og for sjøområdet småbåtanlegg i sjø og vassdrag, alternativt småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, for å kunne leggje til rette for felles flytebrygger.</p> 	<p>Området er eit eksisterande naustområde der om lag halvparten av frådelte nausttomter er bebyggt. Endring til rorbuformål vert vurdert som lite inngripande landskapsmessig og bruksmessig. I samband med reiselivssatsing i Sykkylven er mogleg utleige eit positivt tiltak. Forslaget vert tatt inn i plan.</p>

	Innspel, oppsummert	Kommentar
P2	<p>Modulinvest v/Sigbjørn Støylen</p> <p>I forbindelse med rullering av kommuneplanen, vil vi med dette søke om å åpne eigedomen Gnr 38, Bnr 14 og 15 for blanda bruk; Næring og Boligformål. (Tidlegare Modulbygg)</p> 	<p>Blanda bruk næring-bustad har i utgangspunktet eit uønska konfliktpotensiale. Konfliktsituasjonen vil vere avhengig av type næring, bygningsmessige tilhøve og fysisk utforming.</p> <p>Bygningsmassen på denne eigedomen er slik utforma og plassert at det er eit skille mellom kontordelen i 2.etasje, som vender sørøver og byggevarelokala i underetasjen som vender mot sjøen. Etasjen utgjer ein liten del av arealet, har eigen tilkomst og uteareal mot sør, skjerma frå resten av næringsaktiviteten.</p> <p>Kombinasjon er ikkje ideelt, men kan forsvarast ut frå storleik, plassering mm.</p> <p>Dersom ein ønskjer heile eigedomen omgjort til blanda formål næring og bustad, er det ei større planendring som fell utanfor rulleringa av kommuneplanen, då arealbruk i kommunedelplanane er ikkje til vurdering i denne prosessen.</p> <p>Imidlertid er det kunngjort at moglege justeringar av føresegnene skal skje ved samordning av regelverk. Denne problemstillinga vert forslått vurdert som ei justering i føresegnene for KDP sentrum/Ikornnes, der det vert opna for bustadformål i eit avgrensa område – kontordelen 2.etg.</p> <p>Ved søknad om bruksendring må eigar gjere greie for bustadmessige tilhøve, støy, uteområde, leik, mm.</p>

	Innspel, oppsummert	Kommentar	
P3	<p>Fjord panorama v/Bjørn Idar Lyngvær</p>	<p>Ønsker FRITID OG TURISTFORMÅL på strand/naustareal nord for Fishtec i Hundeidvik. Området er planlagt brukt til utleige hytter med max. 10 enheter.</p>  <p><i>Figur 4 Oversikt over gjeldende reguleringsplanar ved panoramarealet, vart med svart stipla line. Framlegg til planleggelse er vist med blå stipla line.</i></p>	<p>Området er ein del av eit større område avsett til spreidd naustbygging. Det ligg eitt naust i området, og er frådelt fire nausttomter som ikkje er bebyggt.</p> <p>Planlagt utbygging er retta mot reiseliv, eit satsingsområde i kommunen, i tråd med nyleg vedteken samfunnsplan, nyleg vedtatt Masterplan reiseliv og pågåande omstillingsarbeid.</p>
P4	<p>Karn Lade</p>	<p>Ønske om gangveg langs Fv60 Velledalen</p> 	<p><b>GANG-/SYKKELVEG</b></p> <p>Fleire innspel tar opp trafikktrygging langs Fv60 gjennom Velledalen. Med tanke på tryggleik og folkehelse for unge og gamle er eit betre utbygt gang- og sykkelvegnett langs fylkesvegen sterkt ønskeleg.</p> <p>Det er imidlertid eit omfattande prosjekt heilt avhengig av fylkeskommunal prioritering.</p> <p>Gjennom å synleggjere behovet i kommuneplan, ynskjer kommunen å legge eit planmessig grunnlag for framtidige løysingar til beste for trafikktryggleiken.</p> <p>Ein er fullt klar over at dette krev omfattande investeringar og vil vere eit langsiktig prosjekt.</p> <p>Sykkylven må arbeide gjennom ulike kanalar for å påverke fylkeskommunale veginvesteringar.</p> <p>Gang- og sykkelveg vert vist i plan som eit behov som må detalplanleggast og gjennomførast over tid.</p>


	Innspel, oppsummert	Kommentar
P5	<p>Aina Holmberg</p> <p>Ønsker areal på gbnr 31/14 i Velledalen lagt ut som spreidd bustad/fritidsbustad. Peikar og på behovet for gang og sykkelveg på Riksveg 60 og Fylkesvegen gjennom Velledalen, då særskilt Hole, Brudevoll og Brunstad til skulen.</p> 	<p>SPREIDD BUSETTING</p> <p>Område for spreidd busetting som til liks med store delar av kommunen gir utfordringar knytt til trafikktryggleik, bilbruk, avstand til tenestetilbod og aktivitetar. Samstundes må ein sjå kommunen under eitt, der avstandane er korte samanlikna med mange andre distriktskommunar. Å legge til rette for ei viss spreidd utbygging er eit gode som kan bidra til busetting og aktivitet i heile kommunen. Eit variert tomtetilbod er eit av fleire tiltak for auka attraktivitet og busetting.</p> <p>GANG-/SYKKELVEG</p> <p>Sjå vurdering P4</p>
P6	<p>Anne Kari Hjorthol</p> <p>Ønske om gangveg langs Fv60 i Velledalen</p> 	<p>Sjå vurdering P4</p>

	Innspel, oppsummert	Kommentar
P7	<p>Karn Lade</p> <p>Ønske om bustad- og næringsareal i Velledalen, gbnr 28/1</p>  	<p><b>BUSTAD</b></p> <p><b>Samla vurdering frå KU:</b></p> <p>Styrka busetting i området som ikkje går ut over jordvern vert vurdert som positivt.</p> <p>Fleire element trekker i negativ retning. Særleg kartlagt rasfare er utfordrande. Nærare vurdering må gjerast i samband med detaljplanlegging.</p> <p>Avkøyrsløse til fylkesveg må klarerast. Det er nedsett fartsgrense på Fv60.</p> <p>Støyomsyn må vurderast i detaljplan.</p> <p>Området vert tatt inn i plan. Nemnde utfordringar må løysast gjennom detaljplan.</p> <p><b>NÆRING</b></p> <p>Ei vanskeleg sak. Kommunen skal både legge til rette for næringsutvikling og samtidig følgje opp vesentleg skjerpa krav til jordvern frå stat og fylke.</p> <p>Området ligg i eit samanhengande landbruksområde.</p> <p>Ut frå nyleg vedtatt arealstrategi (Samfunnsplan 2023) med auka fokus på jordvern, og landbruksplan med jordvernstrategi som vart samrøystes vedtatt å legge ut til høyring i NU 24.04.23, vert det vanskeleg å argumentere for dette området.</p> <p>I samsvar med politiske signal frå NU (24.4.) vert området vert tatt inn i plan i denne omgang.</p>

	Innspel, oppsummert	Kommentar	
P8	<p>Jostein Hole v/Helga Hole</p>	<p>Ønske om areal til bebyggelse og anlegg (Frtidsbebyggelse, næringsverksemd mm) på Riksheim, gbnr 36/7,29,21 og 61.</p> 	<p><b>NÆRING</b>          Arealet er lite, samla er det 1 da dyrkajord som vert berørt. I forhold til jordvern er kanskje faren for utvidingsbehov ein like stor trussel som sjølve omdisponeringa. Erfaringar tilseier at næringsbehova endrar seg over tid og at det ofte vert behov for meir areal. Det ligg eit eksisterande næringsbygg i området, men det omsøkte arealet er ikkje knytt til dette bygget. Næringsverksemda er vedproduksjon. Eitt alternativ kan vere å nytte arealformål LNF-spreidd næring der ein opnar for Landbruk+ tiltak</p> <p><b>RORBU</b>          Området er dels eksisterande naust og dels nytt byggeareal. Standsona er i hovudsak utfyllte massar, dels utført i samband med tidlegare etablering av eit næringsbygg i området. Landbruksfagleg vurdering moderat negativ effekt for landbruket, men oppmodar til varsemd med slik etablering i aktive landbruksområder. Til dette er å merke at området alt er i stor grad utbygt med større naust og eit næringsbygg, og at strandsona i stor grad er utfyllte massar. Endring til rorbuformål ut frå situasjonen vurdert som lite inngripande landskapsmessig og bruksmessig. Tiltaket vil kunne gi området eit løft, og bli eit meir attraktivt strandelement enn dagens fylling og næringsbygg. Samla sett vert ulempene vurdert som akseptable.</p>

	Innspel, oppsummert	Kommentar
--	---------------------	-----------





	Innspel, oppsummert	Kommentar
P9	Torkjell Utgård	<p data-bbox="389 210 945 242">Ønske om bustadareal i Hundeidvik, gbnr 54/1</p>  <p data-bbox="1447 210 2136 456">Forslaget omfattar fleire delområde mellom eksisterande bebyggelse. Dyrkajord utgjerd ca 13 da. Arealer er sterkt fragmentert, sjå kartusnitt under. Det øverste arealet, ca 3 da dyrkajord, ligg på same flate som tilstøytande landbruksareal, og vert vurdert til ikkje å ta inn i plan. Her ligg det til rette for samla drift på tvers av eigedomsgrensar.</p> <p data-bbox="1447 464 2114 564">Resterande areal er fragmentert i ei slik grad at ein vurderer ulempene som akseptable, opp mot fordelane med godt tilrette</p> <p data-bbox="1447 572 2136 743">Området ligg svært sentralt i Hundeidvik med gang/sykkelveg til butikk, skule, idrettsanlegg, klatrepark, mm. Teknisk infrastruktur er i stor grad tilstades, og tomtene vil kunne realiserast enklare enn mange andre areal i krinsen.</p> <p data-bbox="1447 751 2136 922">Tilsynelatande er det godt med bustadareal i Hundeidvik. Imidlertid viser erfaringar at store delar er svært vanskeleg utbyggbare grunna bratt terreng og høge grunninvesteringar. Dette gjeld til dømes resterande areal i kommunalt felt og privat areal i forlenging av dette.</p> <p data-bbox="1447 967 2085 1034">Delar av området, ca 21 da totalt, herav ca 10 da dyrkajord, vert tatt inn i plan som nytt byggeområde.</p>

	Innspel, oppsummert	Kommentar
--	---------------------	-----------



P10 Per Magne Drotninghaug


Tilrettelegging for kollektivtransport, gåande og syklande langs Fv60, Drotninghaug/Velledalen. Viser til eldre planforslag frå Statens vegvesen (1991)






Sjå vurdering P4

	Innspel, oppsummert	Kommentar	
P11	Jon Hjortdal	<p>Gangveg Velledalen frå Pe-krysset til Alnakken.</p> 	Sjå vurdering P4
P12	Hole Maskiner AS	<p>Gangveg Velledalen montessorriskule - Pe-krysset.</p>  <p>Figur 1 Markert i blått strekninga som burde etablerast med gang- og sykkelveg.</p>	Sjå vurdering P4


	Innspel, oppsummert	Kommentar	
P13	Hole Maskiner AS	<p>Bakkeplanering Velledalen</p>  <p>Figur 1 foreslått område for bakkeplanering i Velledalen.</p>	<p>Bakkeplanering er ikkje eige planformål. Bakkeplanering vert normalt gjennomført etter eigen plan der føremål både før og etter planering er LNF.</p> <p>Hensikten er fornuftig med tanke på å etablere betre moglegheiter for deponering av overskotsmasse med framtidsnytte.</p> <p>Ein er usikker på korleis dette evt kan handterast gjennom kommuneplan. Så vidt ein ser må gjeldande sakshandsamingsreglar følgjast for etablering av område for bakkeplanering. I plansamheng vil det ikkje vere konfliktfylt i og med eien ikkje endrar arealstatus.</p> <p>Etablering av eit større område bør truleg skje gjennom samarbeid med grunneigarar og utforming v eigen søknad om løyve, jfr gjeldande reglar.</p> <p>Ein ser ikkje at bakkeplanering kjem inn som eige formål i plan.</p>
P14	Hole Maskiner AS	<p>Ormehaugen, Jarnes – næringsareal</p> 	<p>Forslaget gjeld arealbruk innanfor kommunedelplan sentrum/Ikornnes (2019). Arealbruk innanfor denne planen er ikkje oppe til vurdering.</p> <p>Kunngjort planarbeid gjeld berre mindre justering av føresegner for delplan sentrum/Ikornnes, for å samordne planføresegner på kommuneplan-nivå.</p>


		Innspel, oppsummert	Kommentar
P15	Hole Maskiner AS	<p>Utviding Jarnes aust, industriområde</p>  <p><i>Figur 2 Foreslått utviding av areal.</i></p>	Utanfor planområdet. Sjå kommentar P14
P16	Hole Maskiner AS	<p>Gangveg Fet – Velledalen montessoriskule</p>  <p><i>Figur 1 Markert i blått strekninga som burde etablerast med gang- og sykkelveg.</i></p>	Sjå vurdering P4

		Innspel, oppsummert	Kommentar
P17	Hole Maskiner AS	<p>Gangveg Velledalen Pe-krysset – Holen</p>  <p>Figur 1 Markert i blått strekninga som burde etablerast med gang- og sykkelveg.</p>	Sjå vurdering P4
P18	Hole Maskiner AS	<p>Bakkeplanering Haugset</p>  <p>Figur 1 foreslått område for bakkeplanering i Haugset.</p>	Utanfor planområdet. Sjå vurdering P13 og P14, bakkeplanering som planføremål og planavgrensing jfr kunngjort oppstart. .

	Innspel, oppsummert	Kommentar	
P19	Egil Brunstad Gbnr 32/15	<p>Bustadareal Brunstad</p> <p>Tomtedelingsplan Brunstad, Sykkylven Gnr.32 Bnr.15</p> <p>6 nye tomter</p> 	<p><b>Samla vurdering:</b></p> <p>Ut frå skjerpa krav til jordvern frå staten, kommunestyret sin nyleg vedtekne arealstrategi (samfunnsplan 2023), forslag til jordvernstrategi som eit samla NU vedtok å legge til høyring, samt politiske signal frå NU, er dette ei sak det jordvernet må vektast tyngst.</p> <p>Det spelar også inn at det er tilgjengleg bustadareal i nærleiken, dels ferdig regulert bustadareal og dels område for spreidd utbygging.</p> <p>I samsvar med politiske signal frå NU vert området ikkje tatt inn i plan i denne omgang.</p>
P20	Sissel Tafjord Gbnr 65/1	<p>Bustadtomt Ramstaddal</p> 	<p>Området ligg innanfor ei stor sone for LNF-spreidd busetting i Ramstaddal. Pga jordvern-omsyn fell arealet utanfor kriteria for denne sona. Området vert derfor vurdert i kommuneplansamanheng.</p> <p>Arealet ligg delvis i skog delvis på dyrkajord. Landbruksfagleg vurdering peikar på at vegtilkomst er ei utfordring.</p> <p>Arealet er søkt trekt til utkant av dyrkajord, og dels inn på skogsmark. Sjølv med tilrettelegging for spreidd busetting i Ramstaddal viser det seg å vere vanskeleg å unngå negative følgjer.</p> <p>I dette tilfellet vert konsekvensen vurdert som akseptabel, opp mot ønske om ny busetting i dalen.</p> <p>Arealet vert fremma i plan. Vegtilkomst må søkast løyst gjennom felles veg.</p>



	Innspel, oppsummert	Kommentar	
P23	Sigurd Johan Saure Gbnr 11/3	<p>Utleigefritidsbustad</p> 	<p>Tiltenkt tileggsnæring til gardsbruk. Utvikling av reiseliv er eit sentralt element i næringsarbeidet i kommunen. Tiltaket er i tråd med nyleg utarbeida reselivsplan. Areal er lagt utom myr. Planlagt konsept er enkle, moderne hytter med minimalt fotavtrykk.</p>
P24	Hundeidvik klatrepark Gbnr 54/15	<p>Ønske om at naturområde ved Hundeidvik skule, mykje brukt som naturaktivitetsområde, vert avsett som friområde i plan.</p> 	<p>Arealet definert som anna jorddekt fastmark i markslagskart. Ikkje bonitetsregistrert. LNF-status i gjeldande plan. Status som friområde presierer at dette er hovudformålet med området.</p> <p>Bruken er vurdert opp mot andre naturtilhøve eller landbruksmessige tilhøve, ikkje konflikter registrert. Det er ikkje registrert sårbar natur/artar innanfor området.</p> <p>Vurdert å vere i tråd med planformål LNF. Arealet vert tatt inn som friområde for presisering av hovudformål.</p>

		Innspel, oppsummert	Kommentar
P25	Sykkylven kyststi	Kyststi langs fjorden i kommunen.	<p>Sykkylven kyststi er eit frivillig initiativ for å etablere ei samanhengande fottur-rute langs kysten gjennom heile kommunen.</p> <p>Enkel tilrettelegging med rydding av råser, gjerdeklyv og liknande etter behov. Pr dato er berre delar av traseen detaljplangt.</p> <p>Prosjektet kan realiserast innanfor LNF-kategorien, utan konflikt med strandsonevern. Omsyn til sårbar natur, kulturminner, mm må utgreiast under vegs.</p> <p>Når ein ynskjer å illustrere prosjektet i kommuneplan, er det ut frå at overordna plannivå er eigna for å synleggjere heilskapen i prosjektet.</p> <p>I plansamheng då som som eit tiltak innanfor planformål, der detaljutforming, opparbeidingsgrad, eventuelle tiltak langs stien, mm må utgreiast undervegs ettersom ulike delar vert klagjort og merka.</p>
P26	Solgun Welle og Ole Johnny Myrset Gbnr 37/3	<p>Naustareal Erstad</p> 	<p>Eit mindre område med naust i dag, noko utvida med tanke på</p> <p>Grunnlaget er behov for å sette i stand to eldre naust, samt legge til rette for ein eksisterande ubebyggt naustrett i området.</p> <p>Tilkomst frå eksisterande kai i nordvest.</p> <p>Lite areal, dels utbyggt, ikkje behov for vegtilkomst over dyrkajord. Ikkje konflikt med naturverdiar, kulturminne eller andre kjente tilhøve.</p> <p>Vert vurdert som kurant å ta inn i plan.</p>